

Til eigarane av Sogneprodukt as

Vik i Sogn, 15.12.16

**Orientering om fusjonsprosess
og spørsmål om samtykke til å fråvike to vekers frist i aksjelova § 13-12.**

Fusjonsprosessen mellom Sogneprodukt as, Vik ASVO as og Balestrand Industrier as nærmar seg no endeleg vedtak i generalforsamlinga.

Fusjonen skal handsamast i styret 13. februar og på generalforsamlinga 20. februar 2017.

Det er knappe tidsfristar og styret ber aksjeeigarane fråvike to vekers fristen i aksjelova §13-12 for utsending av saksdokument. Fusjonsplan og andre saksdokument kan då sendast akseeigarane ei veke før generalforsamlinga, altså etter styremøte den 13. februar.

Det vert sendt ut eige brev med innkalling til generalforsamlinga. Eventuell samanslåing av selskapet vert gjeldande frå 01.01.2017.

Sogneprodukt er det overtakande selskapet, og det organisasjonsnummeret vil leve vidare. Vedtekten for selskapet må endrast.

For eit år sidan orienterte vi med brev/e-post 9.12.15 til eigarane om styret sitt vedtak der ein bad administrasjonen om å utgreie grunnlag for mogeleg fusjon (vedlagt). Vidare vart det skrive om saka i årsmeldinga for 2015 og orientert på generalforsamlinga 26.04.16.

Saka har gjennom året vore orientert om på styremøta. 15.06.16 gjorde styret fylgjande vedtak:

«Styret ynsker å gå vidare med prosessen med siktemål om samanslåing av Sogneprodukt as, Vik Asvo as og Balestrand Industrier as og ser gode moglegheiter for å utvikle ei meir slagkraftig arbeids og inkluderingsbedrift til beste for eigarane i Sogn. Styret i Sogneprodukt as ser det på som naturleg at ein legg opp til ein prosess der Balestrand Industri as og Vik Asvo as vert ein del av Sogneprodukt as.»

- Eigar av Vik Asvo, Vik kommune, drøfta saka på kommunestyremøte 3. juni og vedtok at dei ville gå vidare med prosessen. Eigaren av Balestrand Industri vedtok på møte 9. juni å gå vidare i prosessen.

Så langt har prosessen mellom dei tre bedriftene vore positiv og god, og alle ser gode moglegheiter for å utvikle ei slagkraftig arbeids og inkluderingsbedrift i Sogn. Det er viktig at Sogneprodukt klarar å inkludere dei to andre bedriftene slik at dei ikkje føler «dei vert

borte» i ei mykje større bedrift. Fokus må vere på kva behov vi i fellesskap ser i marknaden, og korleis ei samanslått bedrift best kan møte framtida og eigarane sine behov.

Det er gjort avtale med Deloitte AS og Accountor Sogn as om utarbeiding av dokument knytt til fusjonen. Det er mellom anna felles fusjonsplan for dei tre selskapa, rapport frå kvart av styra til det overtakande og dei overdragande selskapa, utrekning av bytteforhold og revisorerklæringer med uttale til fusjonsplan og uttale til opningsbalanse.

Opningsbalanse i nytt selskap er basert på årsrekneskapen i dei tre selskapa pr. 31.12.16, og denne kan ikkje vere eldre enn 8 veker før generalforsamlingsvedtak. Vi har leigd inn Jan Greve-Isdahl (www.greve-isdahl.no) som ekstern tredjepart for å stå for verdsetjing av selskapa og grunnlag for byteverdiar mellom eigarane. Kjell Tokvam (www.tokvam.net) har teke takst på eigedomane våre på Kaupanger og i Vik. Taksten vart gjennomført i april i 2016 og vil inngå i verdsetjinga. Tilsvarande er gjort for Vik ASVO og Balestrand Industrier.

Vik kommune som eig Vik ASVO 100% og Balestrand kommune som eig Balestrand Industrier 100% vil auke sin eigardel i nytt fusjonert selskap lik oppdatert verdi i Vik ASVO og Balestrand Industri. Dei to kommunane eig same verdi etter fusjonen som før, men eig no i ei fusjonert bedrift saman med andre. Dei andre eigarane av Sogneprodukt eig like store verdiar som før, men i eit fusjonert selskap som har ein større samla verdi. % eigardel vert endra for alle eigarane.

- Utbytteforbodet er som før, og det er ein føresetnad for å verte godkjent som leverandør til NAV.
- Dei kommunale eigarane kan nytte dei statlege arbeidsretta tiltak i det fusjonerte selskapet gjennom sine lokale NAV kontora som før. Dette er med på å redusere dei kommunale kostnader og auke livskvaliteten til enkeltpersonar.
- Dei kommunale eigarane kan nytte det nye selskapet sine tenester som før til flyktningar, fagopplæring for ungdomar, sosialhjelpmottakarar og andre.

NAV vil vere det fusionerte selskapet sin viktigaste kunde og samarbeidspartner. I dialog med direktøren for NAV Sogn og Fjordane, Tore Thorsnes, seier han mellom anna:
«Arbeidsretting, overgang til arbeid og oppfølging av deltakarar i ordinært arbeidsliv er dei tydelege signala vi får for heile tiltaksområdet, krav som vil treffe alle leverandørar uansett størrelse.

Den viktigaste faktoren som påverkar rammetalet vil likevel vere kvaliteten i tilbodet som vert gitt til brukarane, at brukarane vil ha plassane og at tilbod og kvalitet er i tråd med dei behova NAV har.

Vi ser og at krava til leverandørane av skjerma tiltak stadig vert større, mellom anna nå det gjeld kompetanse, bredde i tilbod, kvalitetssikring og datasikkerheit m.m.


I dette biletet ser vi og at dei små leverandørane får større utfordringar med å løyse desse krava enn dei store, og at ei samanslåing av leverandørar til ei større eining vil kunne vere eit viktig grep uansett.»

Det fusionerte selskapet må tilpasse seg og dra nytte av framtidige rammevilkår. Tenestene må utviklast til beste for eigarane og einskildpersonar og arbeidsgivarar i Sogn og dermed oppfylle målet med fusjonen - å bli ei endå meir slagkraftig arbeids- og inkluderingsbedrift i Sogn.

Det vert teke kontakt med leiar av valkomiteen for Sogneprodukt som vil ta kontakt med valkomiteane i dei to andre selskapa og kome med forslag til nytt styre i det fusionerte selskapet.

Ved spørsmål eller innsigelse til å fråvike frist ta kontakt.

Venleg helsing



Stig Roar Hovland

Tlf. 958 04 983

Styreleiar Sogneprodukt as